

## **1 Gunnar Skirbekk**

Vi har hatt tre innlegg av språkvitarar, og dei har i stor monn snakka om samfunn og makt, og ikkje berre om språk i språkvitskapleg forstand.

Dette viser at det er eit par grep som departementet og Språkrådet no bør ta: Den ekspertisen som bør inn i det nye språkrådet, må også omfatte god samfunnsvitskapleg ekspertise – fordi språket også er eit sosialt fenomen, fordi språket også har maktforhold innebygd.

Det finst mykje god samfunnsvitskapleg ekspertise her til lands, og eg er glad for at språket også blir omtala i maktutgreiinga (jf. innlegget til Helge Sandøy). Likevel er det påfallande at det er gjort relativt lite frå samfunnsvitskapleg hald om språk og makt. Dette bør endrast. Det vi no bør få, er ein samfunnsvitskapleg ekspertise som kan bruke det rike tilfanget vi har i norsk historie og norsk samfunnsliv i dag, både om språkrelatert makt og opplæring av toleranse for dialektane og det språklege mangfaldet.

I dag er det mange som talar om kulturelt mangfald og om opplæring i å anerkjenne den andre og det som er annleis. I den såkalla postmodernismen blir ein slik kulturell pluralitet sedd på som noko nytt ved dagens samfunn. Men vi her til lands har hatt kulturelt mangfald i lang tid. Og vi har i nokon grad opparbeidd ein toleranse for det som er annleis, også språkleg – samtidig som mål og makt stadig er eit reelt og vanskeleg tema.

Men til no har vi likevel forbausande lite samfunnsvitskapleg forskning om språkbasert makt og om opplæring til språkleg toleranse i vårt samfunn. Derfor bør vi fremje ein meir profilert samfunnsvitskapleg ekspertise om denne problematikken. Og så bør slik ekspertise komme med i dei språkpolitiske organa, både i språkråd og departement.

To prosjekt altså! Det første: styrking av den samfunnsvitskaplege ekspertisen om mål og makt. Det andre: ta inn slik ekspertise i arbeidet med norsk språk. – Berre slik kan vi unngå ein del av den amatørismen som vi dessverre blir plaga med i dag når det gjeld forholdet mellom språk og sosiale forhold (jf. t.d. Vinjes innlegg på denne konferansen).

## **2 Oddrun Grønvik**

Eg er oppnemnd i Språkrådet av Noregs Mållag, men eg er her i ei slags dobbeltrolle i dag fordi eg også arbeider i prosjektet Norsk Ordbok, som opplever seg sjølv som nær knytt til Språkrådet.

I høyringsdokumentet finn eg ikkje så mykje om kva slags organ ein har tenkt seg. Eg ser for meg at ein tenkjer seg eit forvaltningsorgan. Og dersom ein tenkjer seg noko i retning av Likestillingsrådet eller noko slikt, så er det klart at verksemda må vere forankra i lov. Vi må ha heimel for det som det nye organet skal gjere. Vi har ikkje noka generell språklov for Noreg. Det vart i si tid vurdert nokså overflatisk av Vogtkomiteen, og komiteen kom til at han ikkje ville greie ut meir om det. Svenskane har enno ikkje avgjort kva dei skal gjere, men dei er atskillig nærmare eit standpunkt om å få ei generell språklov.

Eg ville gjerne hatt svar frå den som kan svare, om ein har gjort seg tankar om kva slags heimlar som eventuelt skal forvaltast av det nye språkkompetanseorganet. Kva med samansetjinga? Tenkjer ein seg eit råd? I så fall: Skal det vere departementsoppnemnt, skal det vere berre eit styre? Det hadde det vore interessant å høyre meir om, for det vil ha mykje å seie for korleis ein slik organisasjon kjem til å fungere.

Så er det oppgåver: Det er slik at her har vi eit objekt, og det objektet kan kallast norsk standardspråk i to utgåver – nynorsk og bokmål. Oppgåva med utvikling og normering av det, og i ein viss grad implementering av reglane, har til no lege hos Norsk språkråd. Eg vil gjerne vite kva slags fullmakter ein har tenkt at det nye organet skal ha. Har ein tenkt seg at denne oppgåva framleis skal liggje til det nye organet? Og i så fall: Kva slags forankring skal det ha

i dei vitskaplege institusjonane som i si tid fekk fast form ved å bli plasserte på Universitetet i Oslo. Der ligg språksamlingane for både nynorsk og bokmål – og for gammalnorsk, for den saks skuld. Der ligg Institutt for namnegranskning. Det vitskaplege fundamentet er der, men reine forvaltningsoppgåver kan eit universitet ikkje ta.

### **3 Botolv Helleland**

Som ein av statens namnekonsulentar vil eg bruke eit par minutt til å bringe på banen lov om personnamn, som inneber ei stor liberalisering i forhold til tidlegare lover. Eit kompetansesenter må også vurdere om all verdsens namn skal kunne brukast i det norske samfunnet. No tenkjer eg ikkje på dei mange etniske, nye namna som er komne inn, som naturlegvis høyrer med til personnamntilfanget i landet.

Når det gjeld etternamn, så kjem vi også inn på ei anna namnegruppe som er vesentleg, nemleg stadnamn. Ein stor del av dei norske slektsnamna/etternamna har bakgrunn i norske gardsnamn. Her ligg ein konflikt til stades, reint språkleg. Vi har jo ei lov om stadnamn som har fungert sidan 1991, og nett i desse dagar har departementet sendt ut til høyring eit notat med ei rekkje endringsframlegg til lov om stadnamn. Vi som arbeider som namnekonsulentar, opplever stadig ein konflikt i normeringsprosessen. Det har vore slik at heilt sidan tidleg på 1800-hundretalet, og særleg på 1900-talet, skulle ein normere stadnamn på grunnlag av den lokale uttalen, men etter gjeldande rettskrivingsprinsipp. Og dette dreg i to retningar.

For det første har også lova om stadnamn godteke både visse dialektale element og ein del skrifttrekk som ikkje er i samsvar med uttalen. Men ser vi på sakene vi har oppe, og det er veldig mange, er det slik at når det gjeld gardsnamn, så er det ein tendens til at folk gjerne vil ha slektsnamnsskrivemåten inn som gardsnamn. Dei oppfattar altså gardsnamnet og slektsnamnet som eitt namn, og opplever også namnet som sin eigedom. Og då er det viktig at stadnamnet, som er ein del av den felles kulturen, bør kome inn under normeringa av norsk språk. No synest det vere ein viss fare for ein kanskje kan gje endå større konsesjon til private synspunkt når det gjeld skrivemåten av gardsnamn. Det er ei utvikling vi er redde for.

### **4 Brit Mæhlum**

Jeg vil gjerne prate om ansvarsområdet for det nye organet, og oppgaveporteføljen, som departementet kaller det. Det står i høringsnotatet at såkalte fremmedkulturelle – som jeg synes er et utidig ord – ikke skal inngå i oppgaveporteføljen. Og jeg skjønner ikke at det i dag går an å tenke seg et organ som bare skal ta hensyn til norsk språk. Ingen kan vel dermed tru at jeg ikke er bekymret for det norske språket, særlig versus engelsk; *det* har jeg gitt klart uttrykk for i andre sammenhenger. Men vi må huske på at også norsk står i en lignende pressposisjon/maktposisjon til å utøve hegemoni over andre språk i landet vårt. Nye minoriteter må inn. Vi kan ikke ha et etnosentrisk språkorgan som bare steller med norsk språk. Jeg mener at vi må ha ett organ for språk i Norge – for gamle og nye minoriteter pluss norsk.

Og hvis jeg skal komme med forslag på et navn, en veldig enkel omdanning av Norsk språkråd, så blir det Norges språkråd.

## 5 Birgit Brock-Utne

Jeg er utdanningsviter på Universitetet i Oslo. Jeg har bakgrunn fra Afrika og er opptatt av at undervisningsspråkene der ikke er de afrikanske språk som elevene snakker, men engelsk eller fransk.

Som utdanningsviter vet jeg at man lærer best når man forstår hva læreren sier. Det burde være nokså innlysende. Men mange steder i Afrika er det slik at elevene møter språk de i det hele tatt ikke forstår. De er faktisk i noe av den samme situasjonen som samene var i i Norge for en god del år siden. Jeg er også opptatt av det at et språk slutter å utvikle seg dersom det ikke brukes på høyeste nivå i forskning og utvikling. Det har jeg opplevd; jeg kan selv swahili og snakker det med mine kolleger på universitetet i Dar-es-Salaam – jeg arbeidet der i fem år. Men når vi kom opp i et eller annet vanskelig fagtema, gikk vi over til å bruke mange engelske ord, fordi de ikke hadde fått utviklet fagord på sine egne språk. Jeg hadde et seminar i sosialpsykologi som ble holdt på swahili; der drev vi med å utvikle begrepene. Så det går an. Det er en politisk beslutning om man gjør det.

Helge Sandøy sa at man må bruke lovverket for å forandre mønsteret. Det er helt riktig at det må gjøres, og det har vi gjort bra i Norge når det gjelder samene.

Oddrun Grønvik sa at det var ingen generell språklov for Norge. Jeg vil minne om at vi har hatt en god lov i Norge for universiteter og høgskoler, hvor det stod at norsk til vanlig er undervisningsspråket ved norske universiteter og høgskoler. Den loven er blitt forandret, paragrafen er tatt ut til tross for at det bare stod ”til vanlig”, som da åpnet for muligheten for å bruke engelsk på noen kurs. Dette har hatt veldige konsekvenser, også fordi en gjennom liberaliseringen på universitetssektoren får vi inn folk som ikke kan norsk. Stillingsutlysninger blir nå lagt ut på nettet slik at alle kan søke ledig stilling. Tidligere kunne vi sagt: ”Ok, vi kan ansette dere, men i løpet av tre år må dere lære dere norsk, for det er undervisningsspråket”. Nå kan vi ikke si det lenger. Det er mange eksempler på at møter må holdes på engelsk fordi det er én person som ikke kan norsk.

Den gang jeg selv var på universitetet i Dar-es-Salaam, brukte vi Norge som et eksempel på at et land med fire millioner mennesker selvfølgelig bruker sitt eget språk som undervisningsspråk innen høyere utdanning. Så kom jeg tilbake til en situasjon hvor det ikke lenger var tilfellet. I forrige uke fikk vi en beskjed på instituttet hvor jeg er, Pedagogisk forskningsinstitutt, om at vi skal legge opp til at undervisningen på 25 % av våre kurs på det såkalte bachelor-nivået – betegnelsen er jo forferdelig – skal foregå på engelsk. Norske professorer er ofte ikke særlig gode i engelsk, og de skal undervise norske studenter som kan engelsk enda dårligere. Jeg mener at et kompetansesenter for norsk språk i høy grad må ta tak i dette og må hjelpe til med å være pressgruppe der, sammen med universitetsfolk.

Universitetet i Oslo har vært veldig bevisstløst. Universitetet i Tromsø har vært bedre, fordi de har protestert mot at man i den nye loven om universitet og høgskoler har tatt bort paragrafen om at norsk til vanlig skal være undervisningsspråk på norske universiteter og høgskoler.

## 6 Ola Breivega

Eg er oppteken av normspørsmål, eg synest det er viktig at det nye organet held fram med normering.

Det var interessant å høyre innlegget til Helge Sandøy, og det han sa om synet på norm. Han var eksplisitt, og det overtydde meg, endå ein gong, om at han og eg representerer ulike former for fundamentalisme.

Eg er komen til at denne romslege normeringa vi har hatt tradisjon for her i landet, har vore ei stor ulykke, ikkje så mykje for bokmål, som alltid har hatt ein ”mainstream”, den som

professor Vinje representerer, men i høg grad for nynorsk. Denne valfridomen har ført til at vi har fått ein indre og ein ytre erosjon. Særprega ved nynorsken er i ferd med å bli oppløyste. Tap av domene og tap av brukarverd er svært uheldig. Det høyrer veldig demokratisk og folkeleg, det Sandøy seier, men i botn og grunn så er det eit elitistisk standpunkt.

Eg har hatt snart sju–åtte tusen deltakarar på kurs i det eg kallar administrativ norsk, nynorsk og bokmål. Ingen kan få innbilt meg at dei oppegåande folka som går på desse kursa, er hjernevaska når det gjeld ønsket om at skriftspråket skal ha ein viss konsistens. Det skal vere såpass konsistent at det iallfall skal vere mogleg å lære det med bruk av dei åndsevne vi jamt over har. Slik er det ikkje i dag.

Og for å vere litt personleg – det siste innlegget frå Brit Mæhlum på det eg oppfattar som ein slags Dokka-dialekt eller der omkring – ho skriv etter mitt syn eit ”forbilledleg” bokmål når ho bruker skriftspråket. Eg trur ikkje ho er hjernevaska inn i det, altså trur eg det er eit val som er forankra i dei fleste menneskes syn på kva eit skriftspråk skal vere.

## **7 Kjell Myhren (Kultur- og kirke departementet)**

Det kom et par spørsmål til departementet om hvordan man nå ser for seg det nye organets formelle grunnlag. Det ble stilt spørsmål om det skal det være egen lov for dette, om organisering, oppgaver og så videre. Jeg kan ikke gi noe mer utfyllende svar på det spørsmålet enn det som fremgikk av statssekretærens innlegg, for vi er jo nå i en prosess, som i og for seg er meget ambisiøst lagt opp, nemlig at vi skal forsøke å være i mål innen 1. januar 2005 med et nytt organ. Før den tid kommer det en stortingsbehandling. Og før den et grunnlag i form av et innspill med forslag til Stortinget, som først har vært behandlet av et interimsstyre og i departementet. Så vi har en del å ta fatt på her; det er nå vi egentlig starter den utadrettede delen av prosessen, og det foreligger altså et høringsdokument som er sendt til flere hundre høringsinstanser. Både dette og svarene vil være et viktig grunnlag. På vegne av departementet kan jeg i denne omgang ikke gå lenger enn til å bekrefte den prosessen som vi har lagt opp til, og som vi mener er i tråd med god forvaltningsskikk når så omfattende reformomlegginger skal gjennomføres.

## **8 Helge Sandøy**

Det som Even Hovdhaugen fortalde om dei eksotiske samfunna, er illustrerande når ein skal prøve å forstå korleis skriftspråk og språk generelt blir til kulturfenomen. Språk blir til kulturfenomen på ein spesiell og ny måte i dei moderne samfunna. Denne utviklinga starta her heime i Norden på 1500-talet, men begynner i dag rundt om på andre plassar i verda. Språket blir meir og meir innvove i kulturen som symbol i vår kultur. Då er det som med Adam og Eva: Etter at dei åt av kunnskapens tre, kom dei aldri tilbake til paradiset, og det fekk konsekvensar. Det eksotiske utlandet er ein god illustrasjon til denne innsikta. Interessant var det Hovdhaugen sa om den elektroniske verda i det moderne samfunnet. Datateknologien viser seg faktisk å tillate mykje variasjon. Det står i strid med dei vanlege framstillingane om at det moderne teknologiske samfunnet vårt krev meir og meir standardisering. Eg skulle gjerne sjå at nokon ville forske på korleis språket i både sms og e-brev og private heimesider faktisk fungerer utan at Aftenposten, Dagbladet eller Språkrådet blandar seg inn i det. Det viser seg altså at teknologien toler mykje kaos.

Dette var eigentleg òg eit svar til Ola Breivega. Dette er ikkje elitisme, som han påstår. Dette er det folkelege.

Og så til Vinje. Han laga eit innlegg imot nynorsk, og det var ei søkt framstilling av nynorsk. Eg skal ikkje seie meir om den. Vesentleg i dag er det at han ikkje vil akseptere omgrepet hegemoni. Det er det mest interessante som han sa. Han påstår at

hegemonimodellen ikkje kan brukast til å forklare noko. Denne synsmåten hans botnar i eit spesielt vitenskapssyn, nemleg at alt må kunne forklarast, skrivast og stillast opp i tabellar for at vi skal få eit bevis. Dette er typisk positivistisk. Men det er mange innsikter i samfunnet som vi ikkje kan få med å stille slike krav. Mange vitenskapar, ikkje minst sosiologien, byggjer på eit hermeneutisk vitenskapssyn som gjer det mogleg å få nye innsikter ved å tolke ut frå det som er gjenkjennande og gjentakande mønster i observasjonane av verda. Kulturfag er avhengige av slike tolkingar.